



Arkiv:

Arkivsaknr: 19/266 - 1

Sakshandsamar: Anne Erdal

Saksframlegg

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Formannskapet	02.12.2019	011/19
Kommunestyret		
Utval for tenester og levekår	04.12.2019	017/19
Utval for plan	05.12.2019	004/19
Utval for samfunnsutvikling	04.12.2019	004/19
Administrasjonsutvalet		

Budsjett 2020 Gebyr og brukarbetaling

Samandrag:

Det må vedtakast nye gebyr- og betalingsattsar for Øygarden kommune gjeldande frå 1.1.2020. Det har vore nedsett ei prosjektgruppe som har utarbeidd eit framlegg til nytt gebyrreglement. I arbeidet har det óg vore ei politisk referansegruppe på seks medlemmer, to medlemmer frå kvar av kommunane Fjell, Sund og Øygarden. Det er laga eit gebyrregulativ der alle satsane er samla i eit dokument.

Dokument vedlagt saka:

Tittel
Gebyr og brukarbetalingar_Øygarden_2020
Notat til rådmann
Vedlegg 1 - Gebyrregulativ for 2020
Vedlegg 2 - Økonomiplan 2020- 2024 for vatn avløp slam og renovasjon
Vedlegg 3 - Langtidsplan investeringar 2020 - 2024

Innstilling til vedtak:

Øygarden kommunestyre vedtek framlegg til gebyr og brukarbetalingar for 2020 slik det går fram av saksutgreiinga og gebyrheftet som er vedlagt saka.

Saksopplysningar:

Kommunane Fjell, Sund og Øygarden har hatt ulike system for fastsetjing av gebyr- og brukarbetaling, og ulik storleik på dei ulike gebyra/ betalingsattsane. Når dei tre kommunane går saman til ein, krev det ei samordning slik at alle innbyggjarane i den nye kommunen får eit felles gebyrreglement med

felles satsar.

Det har vore nedsett ei prosjektgruppe som har utarbeidd eit framlegg til nytt gebyrreglement for Øygarden kommune frå 2020. I arbeidet har det òg vore ei politisk referansegruppe på seks medlemmer, to medlemmer frå kvar av kommunane Fjell, Sund og Øygarden.

For sjølvkostområda er det utarbeidd eigne forskrifter som har vore lagt ut for høyring (sjå eige sak). Desse forskriftene er lagt til grunn for framlegg til gebyrsatsar for 2020.

SFO

I møte i utval for tenester og levekår 06.11.2019 vart det lagt fram ei eiga sak om satsar for SFO. Denne saka vart utsett grunngjeve med at nye vedtekter for SFO måtte handsamast først. Her er det satt ned ei politisk arbeidsgruppe på fire medlemmer som skal førebu saka. Saka vart og utsett i formannskapet 05.11.2019. For at vi skal kunne ta betaling for tenestene frå 01.01.2020 er det naudsynt å ha vedtekne betalingssatsar. Rådmannen vel difor å gjera framlegg om at satsane i Fjell, Sund og gamle Øygarden i 2019 vert vidareført i den nye kommunen fram til nye harmoniserte satsar er vedtatt.

Barnehage

Sak om vedtekter for kommunale barnehagar i Øygarden kommune vart også utsett i møte i utval for tenester og levekår 06.11.2019. På same måte som for SFO-vedtektene vart det sett ned ei politisk arbeidsgruppe på fire medlemmer som skal førebu saka. Det er likevel naudsynt å vedta maksimalsatsen for barnehage då denne òg gjeld private barnehagar.

Pleie og omsorg

Satsane i dei tre kommunane er ulike. Framlegget til nye satsar teke utgangspunkt i Fjell kommune sine satsar i 2019.

Framlegg til gebyr og brukarbetaling for budsjettåret 2020 er lagt ved saka i eit eige gebyrhefte.

Økonomiske konsekvensar:

Gebyr- og brukarbetaling er ein del av budsjettet for 2020, og endringar i satsane vil ha konsekvensar for budsjettet.

Vurdering:

Kommunedirektøren rår til at Øygarden kommunestyre vedtek framlegg til gebyr og brukarbetalingar for 2020 slik det går fram av saksutgreiinga og gebyrheftet som er vedlagt saka.

Behandling i Formannskapet 02.12.2019:

Nytt tillegspunkt i saka frå H, SL, V, FRP og KRF Silvia Haugland H

Ber om sak til valnemnda om oppretting av nytt gebyr-utval for perioden 2019 - 2023

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Nytt tillegspunkt i saka frå H, SL, V, FRP og KRF Silvia Haugland H

Ber om at sak om samordning/harmonisering av barnehage og SFO satsar til kommunestyremøtet 20 februar med verknad av nye satsar frå 01.08.2020.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

Desse tok ordet i saka:

Silvia Haugland (H), Nils Kåre Skoge (H), Marianne Sandahl Bjørøy (Ap), Høgne Hole (Sp), Toril Selsvold Nyborg (KrF), Maria Thomassen (MDG)

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet - 011/19

Formannskapet ber om sak til valnemnda om oppretting av nytt gebyr-utval for perioden 2019 - 2023.

Formannskapet ber om sak om samordning/harmonisering av barnehage og SFO satsar til kommunestyremøtet 20 februar med verknad av nye satsar frå 01.08.2020.

Formannskapet har slik tilråding til kommunestyret:

Øygarden kommunestyre vedtek framlegg til gebyr og brukarbetalingar for 2020 slik det går fram av saksutgreiinga og gebyrheftet som er vedlagt saka.